



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 04.12.2007
Tidspunkt: 10:00 - 15:50

Følgjande medlemmer møtte:

Harald Rydland, ordførar
Gisle Levåg, varaordførar
Wenche Tislevoll
Lars Olav Rimmereid
Agnar Aarskog

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Følgjande varamedlemmer møtte:

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Tornes, rådmann	Kristin Meland, møterefarent
Leif Sigurd Larsen, økonomi	Halvard Wiik, kontorsjef
Anne Berit Hovstad Johansen, helse- og sosialsj.	Elise Aarbø, kulturleiar
Onar Westerheim, økonomiansvarleg skule	Tore Nesbø, driftsleiar

Harald Rydland
Ordførar

Agnar Aarskog

Gisle Levåg

Kristin Meland
Møterefarent

Sakliste:

- PS 072/07 Godkjenning av protokoll
PS 073/07 Referatsaker
PS 074/07 Budsjett 2008 - Økonomiplan 2009 - 2011
PS 075/07 Fitjar Idrettslag, søknad om støtte til reduksjon av gjeld
PS 076/07 Fastsetjing av stillingsstorleik for ordførar.
PS 077/07 Riksvegferjesamband Husavik - Sandvikvåg - Høyring
PS 078/07 Smedholmen Kyst- og naturlivskule (Smedholmen) - søknad om midlar til hus på Smedholmen (vedlikehald)
PS 079/07 Diverse eigedomssaker, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 080/07 Ymse

Før møtet orienterte kyrkjeverje Harald Johan Sandvik om den økonomiske situasjonen og behova for kyrkja.

Ordførar Harald Rydland opna møtet.

Innkalling godkjent utan merknader.

Til saklista:

Ordførar Harald Rydland kom med framlegg om å handsame ekstrasak - Oppnemning av styremedlemar til Stiftinga Havnauset.
Formannskapet hadde ikkje merknader til dette.
Saklista godkjent.

PS 072/07 Godkjenning av protokoll**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 01.11.2007

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:**Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 : (Samrøystes)**

Som framlegg.

PS 073/07 Referatsaker**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek referatsakene til vitring.

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Følgjande vart meldt: Sak RS 029/07

Samt orientering om finansforvaltninga i kommunen, jf skriv frå kommunalministeren.

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 : (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 074/07 Budsjett 2008 - Økonomiplan 2009 - 2011**Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap rår Fitjar kommunestyre til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek årsbudsjett 2008 basert på slike føringar for dei einskilde einingane:

Inntekter til fordeling drift, jf budsjettskjema 1A

(Oppdatert oppstilling med innarbeidde tiltak vert lagt fram og bearbeidd i møtet)

Rammer for einingane, jf budsjettskjema 1B

(Oppdatert oppstilling med innarbeidde tiltak vert lagt fram og bearbeidd i møtet)

Fitjar kommunestyre vedtek eit investeringsbudsjett med slike rammer, jf budsjettskjema 2A og 2B

(Oppdatert oppstilling med innarbeidde tiltak vert lagt fram og bearbeidd i møtet)

Fitjar kommunestyre vedtek økonomiplan for 2009 - 2011

(Oppdatert oppstilling vert lagt fram i møtet)

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Rådmann Atle Tornes orienterte om driftsbudsjettet generelt for 2008 med oversikt over tiltak for justering av budsjettbalansen.

Onar Westerheim orienterte om budsjett for skule.

Helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen orienterte om budsjett for helse- og omsorg.

Kulturleiar Elise Aarbø orienterte om budsjett for kultur.

Driftsleiar Tore Nesbø orienterte om budsjett for drift.

Rådmann Atle Tornes orienterte om eigedomsavgiftene på VAR og feiing, og at det som følgje av nye føresegner vert naudsynt å endra noko i regulativet for eigedomsavgifter, og la fram forslag om at:

Avgift for feiing utgår, og blir erstatta av "avgift for tilsyn og feiing".

Kostnadsområde tilsyn og feiing blir sjølvkostområde frå 1. januar 2008.

Det blir ikkje gjennomført feiing i 2008, berre tilsyn.

Årsavgift for tilsyn og feiing blir kr. 270,-. - Samrøystes

Formannskapet drøfta saken etter informasjon av leiarar og rådmann.

Ordførar ba om gruppemøte, formannskapet vart heva for gruppemøte.

Etter gruppemøte låg det føre slikt framlegg frå formannskapet:

Ingen prisauke på SFO - svekker budsjettet med kr. 35.000,-. Samrøystes

Vakanse på landbruk redusert frå 200.000 – 100.000 – Samrøystes

Skyss til symjeundervisning ingen innsparing - samrøystes

Samlivskurs blir aktivt kr. 20.000 – mot 1 røyst (Ap)

Kultur teke ut kr. 100.000,- disse blir lagt inn igjen – samrøystes

Kyrkja får tilskot med kr. 50.000 – mot 1 røyst (Ap)

Vedlikehald av kommunen sin bygningsmasse auka med 110.000 (skule/sjukeheim) – samrøystes – administrasjonen prioriterer

Møtet vart heva for nytt gruppemøte:

Etter gruppemøte låg det føre slikt framlegg frå formannskapet:

Vakansen på landbrukskontoret blir sett til 140.000 - samrøystes

Differansen kr. 40.000 går til vedlikehald til sjukeheimsfløyen (øyremerka) saman med dei 110.000 ovanfor - samrøystes

Avgift for tilsyn og feiing blir innført som foreslått - samrøystes

Investeringar:

Møtet vart heva for gruppemøte:

Etter gruppemøte låg det føre slikt framlegg frå formannskapet:

Kr. 100.000 investering Klokkargarden vert overført til Fitjar kultur og idrettsbygg for tilrettelegging til kulturskulen – samrøystes

Økonomiplan:

I økonomiplanen må ein leggja inn kostnader knytt til drifta på Fitjar bu- og behandlingssenter, fløy frå 2009.

Justert nedbetaling av tidlegare års underskot og eventuelle inntekter knytt til vindkraft må og innarbeidast i planen.

Sal av eigedom tek ein stilling til gjennom året etter kvart som eigedomar blir selt!

Formannskapet stemte over føringane for budsjettet.

Budsjettet vert lagt ut offentleg ettersyn.

Formannskapet vedtok mot 1 røyst slike føringar for budsjett 2008 økonomiplan 2009 – 2011:

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 : (Mot 1 røyst (Ap))

Ingen prisauke på SFO - svekker budsjettet med kr. 35.000,-.

Vakanse på landbruk vert sett til 140.000,-.

Skyss til symjeundervisning ingen innsparing.

Samlivskurs blir aktivt kr. 20.000,-.

Kultur teke ut kr. 100.000,- disse blir lagt inn igjen.

Kyrkja får auka tilskot med kr. 50.000,-.

Vedlikehald av kommunen sin bygningsmasse auka med 150.000, summen skal øyremerkast sjukeheimsfløyen.

Avgift for tilsyn og feiing blir innført som foreslått.

Investeringar:

Kr. 100.000,- investering klokkargarden vert overført til Fitjar kultur og idrettsbygg for tilrettelegging til kulturskulen.

Økonomiplan:

I økonomiplanen må ein leggja inn kostnader knytt til drifta på Fitjar bu- og behandlingssenter, fløy frå 2009.

Justert nedbetaling av tidlegare års underskot og eventuelle inntekter knytt til vindkraft må og innarbeidast i planen.

PS 075/07 Fitjar Idrettslag, søknad om støtte til reduksjon av gjeld

Framlegg til vedtak:

Formannskapet avslår søknad frå Fitjar Idrettslag om støtte til reduksjon av gjeld for kunstgrasbanen.

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Formannskapet drøfta saken:

Representantene Agnar Aarskog (Ap), Gisle Levåg (H) og Lars Ove Rimmereid (Sp)

kom med slikt framlegg til vedtak:

Fitjar Idrettslag får ei støtte på kr. 75.000,- til sletting av gjeld i samband med bygging av kunstgrasbanen.

Ved røysting fekk framlegg frå representantene Agnar Aarskog, Gisle Levåg og Lars Ove Rimmereid 4 røyster, administrasjonen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (KrF).

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 : (Mot 1 røyst (KrF))

Fitjar Idrettslag får ei støtte på kr. 75.000,- til sletting av gjeld i samband med bygging av kunstgrasbanen.

PS 076/07 Fastsetjing av stillingsstorleik for ordførar.

Framlegg til tilråding:

Fitjar formannskap rår Fitjar kommunestyre å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret viser til kommunen sitt reglement for godtgjersle til folkevalde og stadfester at ordføraren framover skal ha 80% stilling. Ordføraren skal få godtgjersle som samsvarar med dette.

Godtgjersle for andre folkevalde skal likevel reknast ut frå 100% ordførargodtgjersle.

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 : (Samrøystes)

Kommunestyret viser til kommunen sitt reglement for godtgjersle til folkevalde og stadfester at ordføraren framover skal ha 80% stilling. Ordføraren skal få godtgjersle som samsvarar med dette.

Godtgjersle for andre folkevalde skal likevel reknast ut frå 100% ordførargodtgjersle.

PS 077/07 Riksvegferjesamband Husavik - Sandvikvåg - Høyring

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Utdelt i møtet:

Forslag til uttale frå ordførar Harald Rydland vart delt ut i møtet.

Formannskapet drøfta saken og gjekk samrøystes inn for slik;

Uttale i Formannskapet 04.12.2007 :

Uttale om konkurranseutsetjing av ferjesambandet Husavik-Sandvikvåg

Fitjar formannskap har fått til uttale ruteframlegg når ferjedrifta på dette sambandet no skal konkurranseutsetjast. Formannskapet meiner at rutetilbodet og ferjemateriellet på dette sambandet til no har vore for dårleg.

Innbyggjarane i Fitjar og Austevoll har gjennom mange år vore mykje saman både privat og i næringslivet. Det har vore hemmande for dette samarbeidet at ferjene mellom kommunane har slutta å gå så tidleg på kvelden. Me ynskjer sterkt at det vert sett opp ruter kvar time lenger utover kvelden enn no. Me registrer at det er gjort framlegg om 2 turar til om laurdagen i det nye framlegget og dette er eit steg i rett lei. Likevel bør ein strekka seg enno lenger for å gjera tilbodet bedre.

Når det gjeld ferjemateriellet held dette no ein standard som me er svært kritisk til. Ferja går over eit ope havstykke, og ved fleire høve har passasjerar opplevd ubehag når det har vore uvær. Ferja som har vorte brukt i sambandet dei siste åra har ikkje hatt salong oppe.

Dei siste åra har det vorte meir pendling av arbeidstakarar mellom kommunane. Dette fører til at det er ekstra stor trafikk på dei tidene der folk skal til og ifrå arbeid. Mange har då opplevd å ikkje få plass på ferga, slik at dei må venta enno ein time før dei kjem seg på arbeid, eller dei kjem seinare heim. Difor må det setjast inn større ferje på dette sambandet slik at den tek unna desse toppane.

Riksveg 545, som dette sambandet er ein del av, skal no døypast om til Riksveg 585 og kallast gullvegen. Tanken er å løfta vegen fram som turistveg og gjera den betre i stand til å takla næringslivet sine behov. I denne samanhengen er det og viktig å rusta opp ferjesambandet med meir brukarvenleg rutetilbod og materiell.

Fitjar formannskap vil på bakgrunn av dette be om at Vegvesenet på ferjesambandet Husavik-Sandvikvåg set fylgjande krav i samband med konkurranseutsettinga:

- Det må setjast opp fleire avgangar utover kvelden alle vekedagar
- Ferja som skal brukast på sambandet må vera større enn i dag, og den må ha salong oppe.
- Når det gjeld dei to alternativa til rutetider som er sett opp vil Fitjar formannskap føretrekkja det som går på beint halve og heile timar, men den første avgangen om kvardagane frå Husavik og Sandvikvåg må gå som i dag.
- Det må vera avtale om reserveferje som kan gå inn i sambandet på kort varsel dersom det skulle oppstå vanskar med den ordinære ferja.

PS 078/07 Smedholmen Kyst- og naturlivskule (Smedholmen) - søknad om midlar til hus på Smedholmen (vedlikehald)

Framlegg til vedtak:

Formannskapet løyver kr. 50.000 til vedlikehald på Smedholmen. Midlane skal setjast av på bundne fond, og utbetalast etter nærare avtale med Smedholmen kyst- og naturlivskule, som skissert i saka.

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 : (Mot 1 røyst (Sp))

Som framlegg.

PS 079/07 Diverse eigedomssaker, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven

Framlegg til vedtak:

Saka vart lagt føre utan tilråding, som orientering.

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Rådmann Atle Tornes og ordførar Harald Rydland orienterte om sal av tomter i kommunen:

Rådmannen Atle Tornes gjorde greie for sal av tomt på Vestbøstad. Ordførar og rådmann får fullmakt til å fullføre sal av tomt på Vestbøstad.

Ordførar Harald Rydland gjorde greie for sal av tomtar til interessentar i Håkonar Næringspark. Ordførar og rådmann får fullmakt til å gå vidare med tomtosal orientert om i møtet.

Reguleringsplan Rosneset.

Kommunen har fått oppstartsmelding på reguleringsplan. Ein kjem attende til saka i formannskapet.

Orientering om kjøp av tomt ved i Håkonar Næringspark – gjenkjøp. Kommunen går i dialog med interessenten.

Ordfører Harald Rydland orienterte om ytterlegare 2 interessentar.

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 :

Formannskapet tek orienteringa til vitring.

PS 080/07 Val av styremedlemar til Stiftinga Havnauset.

Framlegg til vedtak:

Saka vart lagt fram i møtet.

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Ordfører Harald Rydland kom med slikt framlegg til vedtak:

Styremedlemar:

Leiar i Utval for oppvekst og omsorg Torunn Aarskog og ordfører Harald Rydland.

Personlege varamedlemar

Nestleiar i Utval for oppvekst og omsorg Sigurd Andre Maraas og varaordfører Gisle Levåg.

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 : (Mot 1 røyst (Sp))

Styremedlemar:

Leiar i Utval for oppvekst og omsorg Torunn Aarskog og ordfører Harald Rydland.

Persolige varamedlemar:

Nestleiar i Utval for oppvekst og omsorg Sigurd Andre Maraas og varaordfører Gisle Levåg.

PS 081/07 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 04.12.2007:

Representanten Agnar Aarskog etterlyste referat frå møte i valnemnda og arbeidet vidare framover med denne.

Ordfører Harald Rydland orienterte i saken.

Det blir nytt i møte valnemnda onsdag 12 desember kl. 19:00

Representanten Agnar Aarskog hadde spørsmål vedkomande ny barnehage i Bakken og avtale med Bakken vel som har gitt avkall på sin leikeplass. Ny leikeplass skulle opparbeidast. Dette er ikkje fullført. Kommunen må røkja etter i saken.

Framkomstveg til barnehagen går ikkje der den er vedteken.

Rådmann Atle Tornes orienterte i saken.

Kommunen går inn for å finne plass til leikeplass.

Eksisterande tilkomstveg blir no asfaltert som ei mellombels løysing.

Representanten Agnar Aarskog påpeika at reguleringsplanen ikkje var fulgt!

Ordfører Harald Rydland orienterte om:

1. Turistbrosjyre.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland lager brosjyre for heile Sunnhordland, Håkon Hartvedt lager sommeravisa.

Formannskapet drøfta saka, går i samarbeid med Samarbeidsrådet.

2. Opningstider i kundetorget.

Administrasjonen legg fram forslag om å ha sentralen ope mellom kl. 09:00 og 15:00. Direktnummer og e-postadresse må bli lagt ut på nettsida.

3. Ynskte forslag på kandidatar til styre i helseføretak under Helse vest.

4. Stønad til Fitjarposten, formannskapet løyver kr. 5.000,- til Fitjarposten.

5. Kommunal rapport – abonnement. Dei av formannskapsmedlemmane og gruppeleiarane som ønskjer det får abonnement på Kommunal Rapport.

6. E-39

Søknad om bompengar "Lysevegen" Os – Rådalen.

Orienterte om møte med samferdselskontoret på fylket i forbindelse med E-39 over Stord og "Lysevegen".

7. Gangfelt ved kyrkja.

Ordføraren har "mast" på vegkontoret for nytt fotgjengerfelt. Arbeidet er no starta opp.

8. Rot i sentrum

Har drøfta med butikkeigar om å holde orden i sentrum. Gjerne få skulen inn på banen.

9. Uteområdet sjukeheimen.

Det blir opprydding der til våren.

Rådmann Atle Tornes orienterte om:

1. Rapport frå Sørheimsutvalet

Ny inntektsfordeling – Fitjar kommune kjem dårleg ut i dette utvalget.

Saka skal handsamast i KS i januar.

2. Finansdepartement

Betaling av bruk i av areal i strandsonen. Kommunen må komme med uttale.

Det vert nytt formannskap 19.12 kl. 08:30 før kommunestyremøtet.

Vedtak i Formannskapet 04.12.2007 :